

Gudbrandsdalsmusea

Styreårsmelding 2013

Gudbrandsdalsmusea AS (org.nr. 9930 39 160) har som formål å drive museumsverksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter og andre styringsdokument.

Selskapet si selskapsadresse er i Sel kommune med fylgjande avdelingar

- Sør-Fron avd. 1a/administrasjon, 1d/Tusenårsstad, 5e/Opplandsarkivet, 8/Pilegrimssenter og, 11/gårdsbutikk
- Sel avd. 1b/bergverksutstilling, industriregistrator og felleskontor
- Lom avd. 2a/Lom bygdamuseum, 2b/Stavkyrkjesenter, 10/Norsk Fjellmuseum og samlingsansvarleg
- Lesja avd. 3a/Lesja bygdemuseum, marknadsansvarleg og regional arkeolog
- Dovre avd. 3b/Einbustugu, 5b/Opplandsarkivet og 9/bygningsvernrådsgjevar
- Vågå avd. 4/Jutulheimen, 5c-d/Opplandsarkivet og skuleformidlingsansvarleg
- Skjåk avd. 5a/Opplandsarkivet
- Ringebu avd. 6/Stavkyrkjeutstillinga
- Nord-Fron avd. 7/Gudbrandsdal Krigsminnesamling

Styret hadde i 2013 5 styremøte (2012: 5) og handsama 50 saker (46). Det var ordinær generalforsamling 30. mai i Lom og eigarmøte 11. oktober på Dale-Gudbrands Gard. Museet hadde i 2013 42 058 (48 196) registrerte besøk, ein nedgang på 13 %.

Driftsresultatet for 2013 var kr. -270 974 (-95 396). Årsresultatet syner eit resultat på kr. -103 491 (154 440).

Bankinnskott var pr. 31.12.12 kr. 5 688 688 (5 900 801).

Selskapet har ein eigenkapital pr. 31.12.2013 på kr. 2 509 060 (2 612 551). Selskapet sitt årsresultat på kr. -103 491 dekkast av annan eigenkapital.

Styret meiner at årsrekneskapan gjev eit rettvisst bilete av egedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat for selskapet. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 stadfestar vi at forut-setting for fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapan.

Av fast tilsette pr. 31.12.2013 er det 8 menn og 5 kvinner (tilsvarande. i årsverk 5,1 og 5). Av desse er 8 i 100 % stilling: 3 menn og 5 kvinner. Det er ikkje sett i gang særskilte likestillings-tiltak gjennom året.

Styret har 4 menn og 3 kvinner (jf. 1. personleg vara: 5 og 2).


Dei tilsette har ein frammøteprosent på 98,1 % (93,25). Det har ikkje vore uhell med person-skade i 2013. Arbeidsmiljøet er godt. Selskapet vart i 2013 medlem i Gudbrandsdal Bedrifts-helsetjeneste og er IA-bedrift.

Styret kjenner ikkje til at selskapet forureinar det ytre miljø. Det er innført kjeldesortering der det er mogeleg. Det er oppfordra til samkøyring til møte og bruk av off. kommunikasjon.


Lesja 30. april 2014

Styret for Gudbrandsdalsmusea AS



Jan Reinert Rasmussen
Styreleiar



Ragnar Jacobsen



Monica Øyen


Berit E Meiningen


Einar Høystad


Torveig Dahl
direktør/sekr. styret


Bård Hanem


Gunhild H Hansen